



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eirik Lyssand, 55 57 22 77

Vår dato  
14.01.2009  
Dykkar dato

Vår referanse  
2009/79  
Dykkar referanse

Barne- og Likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP.
Arbeidsnr.
Dato. 20/1-09
Saksnr. 2008/05249-004

## Høring - forslag til endring i barnevernlova om å leggja det overordna faglege ansvaret for tilsynet med barnevernet til Statens Helsetilsyn

Bld har i høyringsnotat datert 19.12.08 bede om høyringsinstansane sine synspunkt på forslaget om å leggja det overordna faglege ansvaret for tilsynet med barnevernet til Statens helsetilsyn.


Fylkesmannen i Hordaland sluttar seg til BLD sitt forslag, og dei argumenta som ligg til grunn for dette forslaget. Vi saknar likevel eit sentralt punkt slik forslaget no ligg føre. Ved ei overføring vil det vere naturleg å tilpasse regelverket slik at Helsetilsynet sitt tilsynsansvar med barnevernet òg omfattar tilsyn med Bufetat og Bufdir.

Bufdir er med sine underliggjande regionale einingar, ein betydeleg aktør på barnevernområdet. Dei er eigar og har driftsansvar for ei rad tiltak som skal ha tilsyn (institusjonar, familievernkontor etc.). Dei skal godkjenne og føre kvalitetskontroll med private tiltak.

Ei viktig oppgåve for tilsynet er – slik det går fram av høyringsnotatet – å bidra til kontinuerleg overvaking av område med fare for svikt. Slik det har vore til no, og er foreslått vidare vil tilsynet berre omfatte ein del av den totale verksemda på området. Ei tilpassing av regelverket som opnar for eit heilskapleg tilsyn bør gjerast samstundes med overføringa. Dette vil og gi samsvar med Helsetilsynet sitt tilsynsansvar med dei regionale helseføretaka.

Etter vårt syn bør overføringa av det overordna faglege ansvaret for tilsynet få betydning for namnevalet Helsetilsynet. Ved at sosialtenesta tidlegare er overført til Helsetilsynet, og no barnevernet, er det naturleg å dempe helsefokuset til eit meir nøytralt namneval.

Med helsing

  
Rune Fjeld e.f.  
Ass. fylkesmann

  
Svein Komerud  
avdelingsdirektør